

Uttale om levekår i byar og byområde SV krev kraftfulle grep for trygge og gode levekår

Vedteken av SVs landsstyre 25. november 2023

Dyrtid med prisvekst og stort press i økonomien har råka menneske med vedvarande låginntekt hardt, og det hastar å ta politiske grep for å møte utviklinga med politikk som verkar. Etterverknadane av Covid-pandemien, skyhøge renter og prisauke har ført til at fleire enn på lenge har det krevjande økonomisk. SIFO rapport nr.11-2023 om hushalda sin økonomiske tryggleik slo fast at «det ikkje er over enno». Dyrtida har avdekt kor sårbare mange er, med store lån og knappe marginar, eller med for låg inntekt eller stønader til å leve av.

At mange hushald blir særleg hardt ramma av prisauken i samfunnet, skuldast ei utvikling over fleire tiår med auka økonomisk ulikskap i Noreg. Arbeidstakarane sin del av den totale verdiskapinga har vorte redusert. Kapitalinntektene har auka og det er i stor grad dei som frå før var på toppen av inntektsfordelinga som har nytt godt av dette. Dei lågaste inntektene har auka mindre enn dei høgare inntektene¹. Samtidig som ulikskapen i inntektsnivå har auka, har også det same skjedd med ulikskapen i formuen. Formue frå eigedom har også blitt meir skeivt fordelt, der ein stadig mindre del av de med lågast inntekt eig sin egen bustad^{2 3}. Denne veksande ulikskapen har medført at vi bor og lever meir segregert. Ein gjennomgang av den sosioøkonomiske samansetjinga av buområde i Noreg i perioden 1992–2015 viser at områda over tid har blitt meir internt einsarta, og at det er blitt meir vanleg å bu anten i eit låginntektsområde eller eit høginntektsområde⁴. Fleire byar har område med stor opphoping av levekårsutfordringar og krevjande oppvekstforhold for barn og unge. Andre område er på veg til å utvikle same tendens om det ikkje blir iverksett kraftfulle tiltak⁵.

SV arbeider for at barn og unge skal vere sikra ein en god oppvekst, uansett kvar dei bur. Det er ein sterk samanheng mellom låg inntekt og levekårsutfordringar som dårleg helse, låg utdanning og deltaking i demokrati og samfunnsliv. Born som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt har både dårlegare fysisk og psykisk helse, dårlegare butilhøve, svakare skuleresultat, og deltek mindre i fritidsaktivitetar enn gjennomsnittet. Det er difor svært viktig å få gjennom ein politikk som er heilskapleg og faktisk gir meir like livsvilkår for alle. Ein politikk som utjamnar forskjellar, sikrar alle ein trygg bustad, og som hindrar segregering og opphoping av familiar med levekårsutfordringar i visse områder i byane.

¹ Meld. St. 13 (2018–2019). *Muligheter for alle — Fordeling og sosial bærekraft*. Finansdepartementet.

² Aaberge, R., og Stubhaug, M. E. (2018). *Formuesulikheten øker* (SSB Analyse No. 2018/18). Statistisk Sentralbyrå. Oslo

³ Revold, M.K., Sandvik, L., & With, M.L. (2018). *Bolig og boforhold – for befolkningen og utsatte grupper*. SSB-rapport 13/2018.

⁴ Markussen, S. & Røed, K. (2018). *The Golden Middle Class Neighborhood: Trends in Residential Segregation and Consequences for Offspring Outcomes*. IZA Institute of Labor Economics: Discussion paper no 11684.

⁵ NOU 2020: 16. (2020) *Levekår i byer - Gode lokalsamfunn for alle*. Kunnskapsdepartementet.

Ulike menneske - like moglegheiter

I NOUen «Levekår i byer - gode lokalsamfunn for alle» framkjem det at personar d innvandringsbakgrunn gjennomsnittleg har svakare økonomi enn andre. I Noreg er arbeidsløysa mellom innvandrarar meir enn tre gongar så høg som i befolkninga elles. Situasjonen har vore stabil dei siste 20 åra og årsakene til dette er samansette. Mange rapportar har i det same tidsrommet vist at personar med innvandrarkarakter blir utsette for diskriminering i arbeidslivet. Dei blir ikkje kalla inn til jobbintervju og tal frå SSB viser at fleire tusen innvandrarar har jobbar dei er overkvalifisert for. Diskrimineringa i arbeidslivet rammar ikkje berre dei med kort butid i Noreg, men også unge menneske som er adoptert og menneske med foreldre som har innvandrarkarakter.

Digitalisering og avbyråkratiseringsreformene har auka belastninga på NAV-kontora i dei mest levekårsutsette områda. Desse må få auka rammer og det må kome endringar i det statlege NAV som ivaretok bemanninga på kontor i levekårsutsette område.

Ulike bustader - like moglegheiter

I 2020 kom NOU 16 (2020) med tittelen "Levekår i byer - gode lokalsamfunn for alle." Utvalet peikar på økonomisk omfordeling, sysselsetjing, eit godt og trygt arbeidsliv, ein sterkt velferdsstat og tidleg innsats mot born og unge som dei viktigaste innsatsområda, og foreslår ei rekke tiltak. 11. august 2023 la regjeringa fram stortingsmeldinga «*Gode bysamfunn med små skilnader*»⁶. Denne meldinga skulle svare ut utfordringane utgreiinga peikte på. SV støttar regjeringa sine forslag til tiltak, men meiner at forslaga ikkje er kraftige nok for å møte utfordringane med ulikskap og segregering.

I St.m. 28 (2022-2023) fredar regjeringa dagens skattenivå ved å love å "halde det samla skatte- og avgiftsnivået for inntektene til folk uendra, samtidig som sosial og geografisk omfordeling vert ivaretatt". Stadig meir av verdiskapinga skjer i privat sektor og kjem dei som allereie har mest til gode. Høgare skattar på formue og høge inntekter er difor helt nødvendig for å sikre gode velferdstenester og eit samfunn med mindre forskjellar. For å sikre meir velferd og rettferdig fordeling vil SV arbeide for at dei med dei aller høgste inntektene og formuane skal bidra meir til fellesskapet, medan skatt på låge og vanlege inntekter skal haldast nede.

SV vil at alle som bur og veks opp i Noreg skal vere sikra gode levekår og moglegheiter, uavhengig av kvar dei bor. Førebygging og tidleg innsats gjennom barnehage og skule er mellom dei viktigaste verkemidlane for å motverke at fattigdom og levekårsutfordringar går i arv. Gode trygge bamiljø, varierte bustader med gode fellesareal, møteplassar som bibliotek og fritidsklubbar, og tilbod om meiningsfylte jobbar for ungdom, er viktig for å utvikle gode bysamfunn. Det er viktig å utløyse innbyggjarane sitt engasjement og interesse for å skape trivsel og godt bymiljø gjennom å legge til rette for medverknad og involvering. Den sosiale bustadpolitikken må bli gjenreist og byutvikling må brukast aktivt til å motverke segregering.

Arbeidet for økonomisk utjamning og gode levekår for alle må føregå på brei front - i arbeidslivet, i skattepolitikken, i bustadpolitikken og gjennom politikk som flyttar makt frå dei få til demokratiet og fellesskapet. Samtidig har kommunane ei nøkkelrolle i å betre levekåra i utsette område. Det er difor viktig at kommunane har eit økonomisk grunnlag dei kan bruke til å motverke og kompensere for levekårsutfordringar. Kommunane må vere sikra ressursar til å

⁶ Meld. St. 28 (2022–2023). *Gode bysamfunn med små skilnader*. Kommunal- og distriktsdepartementet.

kunne tilby likeverdige tenester i alle område. Særleg levekårsutsette område krev ein særleg innsats. SV støttar fleire av levekårsutvalet sine tilrådingar om meir målretta innsats i levekårsutsette område og vil arbeide for gjennomslag for desse på Stortinget.

SV vil arbeide for:

- å innrette inntektssystemet til kommunane slik at dei blir kompensert for høge utgifter i utsette byområde
- å gjere om kontantstøtta til ei ventestøtte for foreldre som ventar på barnehageplass
- at kommunane får moglegheit til å setje makspris på kostpengar i private barnehagar, på lik linje som i kommunale
- fleire tilsette i SFO og gratis SFO for alle born i heile landet
- å sikre tilstrekkelege bemanning i heile opningstida i barnehagar
- bemanningsnorm for heile arbeidsdagen i barnehagar
- å styrke ungdomar sin føresetnad for vidaregåande opplæring og framtidig yrkesdeltaking, gjennom forsøk med meir grunnopplæring i overgangen mellom 10. steg og VG1 for dei som ønskjer det og har behov for det. Forsøka bør ha tversektoriell innsats og vere i regi av oppfølgingstenesta.
- at skular med store levekårsutfordringar blir tildelt særskilte ressursar. Vi må halde på dagens minstenorm for lærarar, samtidig som område med store levekårsutfordringar må få særskilte midlar til å styrke laget rundt eleven
- utlyse framtidige områdesatsingar med ei lengde på åtte år for å kunne betre vurdere effekten av satsingane
- gjennomgå bustøtteordninga med sikte på at barnefamiliar i levekårsutsette område kjem betre ut enn i dag
- endre plan- og bygningslova slik at kommunane får fleire verkemiddel for ein meir mangfaldig og sosial bustadpolitikk. Kommunane må få moglegheita til å påleggje utbyggar å bruke burettslag som organisasjonsform, stille krav til bustaden si disposisjonsform i arealplanar og bestemme at en del av nye bustader skal bli regulert til ikkje-kommersielle og bustadsosiale formål.
- etablere låne- og tilskotsordningar gjennom Husbanken som gir folk med stabil inntekt, men som manglar eigenkapital, hjelp til å etablere seg
- endre husleigelova med sikte på å styrke leidgetakarane sine rettar
- utvide bumiljøtilskotet til fleire levekårsutsette område
- at omsynet til levekår blir vektlagt i utviklinga av nye og eksisterande byvekstavtaler
- å utgreie alternative inntaksmodellar for vidaregåande opplæring som førebygg og kompenserer for levekårsutfordringar
- å utvide områdesatsinga til å dekke fleire behov i levekårsutsette område
- å sikre tilgang på opne gratis møtestader som bibliotek og fritidsklubbar, rimelege fritidsaktivitetar og tilgang på lokale og utstyr for alle innbyggjarar.